



KYRKJELDSEBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 2

Sommer 2015

47. årgang

*God Sommer!*



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVERJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og  
fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 61 12 13 22 / 913 93 314  
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no



**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



**DIAKON**  
Marianne Konow  
tlf. 958 42 571  
E-post: diakon@etnedal.kyrkja.no



**SAKSBEHANDLAR**  
Linda Mæhlum Robøle  
tlf. 957 64 900  
E-post: l.robøle@etnedal.kyrkja.no



**KYRKJETENAR**  
Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12  
952 74 090

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Maria Kompen, leiar  
tlf. 909 78 963  
E-post: mholbe@gmail.com



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Wenche Hillestad Møller, leiar  
tlf. 941 66 323  
E-post: wenche.hillestad.moller@  
nord-aurdal.kommune.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Asmund Wold, leiar  
tlf. 908 60 650  
E-post: as.wold@online.no

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Faste medarb.: Ingun Kompen og  
Tone Steinset

**Ekspedisjon:**  
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

**Bladpengar:**  
Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

«Rop med jubel for Herren, all jorden!  
Tjen Herren med glede,  
kom fram for ham med jubel!  
Kjenn at Herren er Gud!  
Han har skapt oss, vi er hans,  
Vi er hans folk og den flokken han gjeter»

*Salme 100, 1-2*

## Vår-helsing til

1. deg som jobbar hardt for at andre skal ha det bra
2. deg som aldri seier nei, fordi du veit at eit nei frå deg vil ramme mange
3. deg som slit med smerter, men likevel klarar å smile
4. deg som strekkjer seg så langt du berre klarar for at dine skal ha det bra
5. deg som klarar å snu ein negativ situasjon til noko positivt
6. deg som tenkjer deg om ein ekstra gong før du klagar
7. deg som «ser» dei som elles aldri blir sett
8. deg som alltid har tid til å høyre på andre, utan å avbryte

## Sommarferie

Marit prest har sommarferie  
23.-28. juni og 21. juli – 9. august.  
Servicekontoret i Etnedal (61 12 13 00)  
er informert om kven som er vikar.

### Forsidefoto : Marit Slettum

Frå kyrkjevalet i 2011  
Steinar Stenseth avgir stemma si,  
ved stemmebordet Vebjørn Bacher, Bjørg Lie og  
Ole K. Hagaseth

**Frist for stoff til neste Kyrkjevarde : 1. august**

## Sommaropen kyrkje



Bruflat kyrkje er sommaropen  
7. juli – 9. august,  
tysdag til søndag  
Kl. 11-15

## Sommarkonsertar

Ved organist  
Serhiy Bykov  
og Yulianna Bykova.  
Onsdag 8. juli  
Onsdag 22. juli  
Alle dagar  
kl. 1130 – 1200



## Obs! 6 – åringar

Markering av skulestart på N. Lenningen sæter-  
hus, søndag 16. august kl. 11 (for begge sokn)  
Utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4 – åringar :  
Bruflat kyrkje 27. september kl. 11  
Nord-Etnedal kyrkje 11. oktober kl. 11

## Kor vart det av dei

Vi har høyrte at folk er skuffa dersom Kyrkjevar-  
den ikkje har med spalta om folk som har flytta  
frå Etnedal. Problemet er at det trengst tips om  
folk som vil vera med. Vi har spurt mange som  
har takka nei, sjølv om vi gjerne tek intervju på  
telefonen dersom dei ikkje vil skrive sjøve.

Kjenner du nokon som du veit vil stille opp, vil  
vi svært gjerne vita om dei, til glede for innflytta,  
utflytta og bufaste etnedøler.

Ingun

# Kyrkjeval 2015

## Kandidatliste Bruflat sokneråd

Vi kjem attende med meir stoff om kyrkjevalet i neste nr. (ca. 1. september).

Då vil det også kome ein nærare presentasjon av kandidatane i Nord-Etnedal.

1. Maria Kompen, 34 år



2. Kjell Jørgen Fjeld, 69 år




3. Ole Bergene, 67 år



4. Ingun Kompen, 69 år



5. Liv Marit Roen Sveen, 49 år



6. Anne Lise Bratteng, 70 år



7. Anders Lunde, 68 år



8. Tutta (Elin Helene) Solberg, 72 år



9. Johannes Lofthus, 44 år



10. Torunn Fredriksen, 31 år



11. Svein Erik Slåttsveen, 54 år



**Kvifor sa du ja til å stå på lista?**

Kva saker ser du for deg å prioritere dersom du blir vald inn i soknerådet?

**Maria Kompen:**

Jeg har ikke noen lang valgkampliste, men ønsker kort og greit å følge med på alle gode tiltak som er satt i gang i løpet av sittende periode.

**Kjell Jørgen Fjeld:**

Eg er nysgjerrig og interessert i å finne ut kva soknerådet arbeider med. Nokon prioritering av saker har eg ikkje.

**Ole Bergene:**

I tillegg til de vanlige lovpålagte sognerådssaker er forvaltningen av Nordre Lenningen fortsatt en særdeles viktig sak å følge opp. Det er viktig å legge planer og videre føringer for hvordan disse verdiene best kan forvaltes, slik at de kommer sognets befolkning til gode, uavhengig av eventuelt endrede kommunegrenser.

**Ingun Kompen**

Eg kjenner godt til arbeidet innan kyrkja frå tidlegare, og tenkjer det er mange oppgåver der som eg kan forestå - og arbeide med.

**Liv Marit Roen Sveen:**

Jeg føler at det er min tur til å bidra i arbeidet som soknerådet gjør. Ellers vet jeg for lite om oppgavene som kommer.

**Anne Lise Bratteng:**

Jeg hadde rett og slett lyst til å bli kjent med soknerådsarbeidet. Jeg vil prioritere de eldre og de som er alene. Ellers bistå der det er behov.

**Anders Lunde:**

Jeg er interessert i det som skjer i lokalmiljøet vårt, og ønsker å bidra i dette arbeidet.

**Tutta Solberg:**

Jeg sa ja til å stå på liste fordi jeg syntes det var mer interessant enn jeg hadde trodd før jeg kom inn i

soknerådet. Jeg vil prioritere oppussing av bærerommet i bårhuset, og å fortsette som guide i kirken om sommeren.

**Johannes Lofthus**

Eg vil arbeide for at det er tilbod og aktivitetar for alle i kyrkja i Etnedal

**Torun Fredriksen :**

Siden vi bor i et lite lokalsamfunn, vil jeg gjerne være med å bidra. Jeg synes soknerådet gjør mye bra som jeg gjerne kan delta i, jeg vil prioritere barn/unge og eldre og samarbeider gjerne med flere lag og foreninger for å arrangere positive opplevelser for innbyggerne.

**Svein Erik Slåttsveen:**

Jeg er interessert i å få kjennskap til hva soknerådsarbeidet går ut på.

Har ingen spesielle prioriteringer, men vil stille opp og hjelpe til der det er bruk for meg.

**Kandidatliste Nord-Etnedal sokneråd**

1. Anne Marie Solbrekken, 59 år
2. Steinar Stenseth, 49 år
3. Kari Skogstad, 35 år
4. Oddveig Bergsbakken, 54 år
5. Tony Kvernmo, 38 år
6. Jorun Bergsbakken, 43 år
7. Astrid Tollehaug, 57 år
8. Klara Thon Månnum, 59 år
9. Aud Norunn Hagaseth Lie, 50 år

Kandidatlista i N. Etnedal vart fyrst klar etter supplerande nominasjon så vi har ikkje rukke å få til nokon nærmare presentasjon av kandidatane.

 DEN NORSKE KYRKJA


## Kyrkjevalet 2015 i Bruflat og Nord-Etnedal sokn

Ved Kyrkjevalet 2015 skal ein velje sokneråd og leke medlemmer til bispedømmerådet. Valet finn stad 13.–14. september 2015.

Syndag 13.9.2015 kl. 13.00 - kl. 18.00, Etnedalshallen  
Måndag 14.9.2015 kl. 11.00 - kl. 18.00, Etnedalshallen

Røysteføre er alle døpte medlemmer av Den norske kyrkja som er over 15 år, eller som fyller 15 år i 2015.

**Førehandsrøysting**

Det vil vere mogleg å førehandsrøyste i perioden 10. august–11. september 2015.

Tysdagar og torsdagar kl. 10.00 - kl. 14.00 på Kyrkjekontoret.

**Valkort**

Alle som er oppført i medlemsregisteret til Den norske kyrkja og har stemmerett, vil motta valkort og nærare informasjon i løpet av veke 32. Den som er medlem i Den norske kyrkja og ikkje mottek valkortet, vert beden om å ta kontakt med kyrkjekontoret for å få retta opp opplysningane i Den norske kyrkja sitt medlemsregister. Medlemsregisteret er grunnlag for kyrkjeleg manntal. Den som mottek valkort, men ikkje er medlem i Den norske kyrkja, kan gå fram som nemnd på valkortet for å bli sletta frå medlemsregisteret.

**Ettersyn av manntal**

Kyrkjeleg manntal for Bruflat og Nord-Etnedal sokn er lagt ut for ettersyn på servicetorget i kommunene og kyrkjekontoret, og er tilgjengeleg for ettersyn i kontorets ordinære åpningstid i perioden 10. august til 11. september. Det er berre høve til å kontrollere opplysningane som angår ein sjølv, eller ein annan person som ein har fått skriftleg fullmakt frå. Den som meiner at ein sjølv eller nokon annan urett er bitt innført i eller utelatt frå manntalet i soknet, kan krevje at valstyret rettar opp feilen. Kravet skal være skriftleg og begrunna.

**Eventuelle spørsmål**

Ta kontakt med:  
Kyrkjekontoret, Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no  
Tlf: 61 12 13 20/ 91 83 70 11

Kyrkjevalet  
2015  
www.kyrkjevalet.no

# PINSEUNDER OG PINSEUNDRING

Av Marit prest

## Til ettertanke i ei stille stund

Tre vitnemål om Den heilage ande :

1. ... Jorda var aude og tom, mørket låg over djupet, og **Guds Ande svevde over vatnet.** *1. Mos. 1, 2*

2. ... Med desse orda anda han på dei og sa : «**Ta imot Den heilage Ande**» *Joh. ev. 20, 22*

3. ...**Då vart dei alle fylte av Den heilage ande** og tok til å tala på andre språk ettersom Anden gav dei å forkynna. *Apostelgjerningane 2, 4*

Gåtefull seier vi om pinsa, så lite konkret meiner vi kanskje, når vi les om spektakulære fenomen som eldtunger og taleunder, då Den heilage ande manifesterte seg på ein spesiell måte mellom menneske. Profeten Joel hadde sett det, «ein gong skal det henda at eg auser ut min Ande over alle menneske ..» *(Joel 3, 1)*

Forståeleg ? Treng alt vere forståeleg? Guds Ande svevde, ifylgje 1. Mos. heilt hinsides menneskeleg kontroll. Lat oss laga menneske i vårt bilde, sa Gud. Majestetisk fleirtal ? Eit spor av den treeinige ?

Litt nærare rykker det når den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus syner seg for læresveinane på oppstodedagen. Han viste dei hendene sine og sida si og meir enn antyda deira framtidige oppdrag, «som Far har sendt meg, sender eg dykk». Så anda han på dei, «ta imot Den heilage ande».

Forstår vi at vi pustar? Vi veit ein del om vitale, indre organ, vi kjenner at vi pustar, det fell oss heilt naturleg, men forstå ? I så fall blir det uforståeleg når vi ikkje pustar lenger. Det var EIN som gav oss livet. « Det er i Gud vi lever, rører oss og er til, sa Paulus i ei berømt tale *(Ap.gj. 17, 28)* eller som Einar Skjærraasen så jordnært skriv : «Lovet være han som åpnet første le og siste grind» *NoS 296*

Og så pinsedagen, som reknast som starten for den kristne kyrkja, sjølv fødselsdagen, då læresveinane vart fylt av Den heilage Ande.

Den heilage ande fokuserar aldri på seg sjølv, og let



seg ikkje stenge inne i snevre rom og oppfatningar. Anden ER tilstades.


Då apostlane får summa seg og Peter står fram som talsmann for dei, er det ikkje dei spektakulære fenomenen som får fokus. Han sa ikkje «Såg de det, eller? Overnaturlig alt saman... Nei, då Peter tok ordet, var det EIN som sto i sentrum, frelsaren Jesus Kristus. «Denne Jesus, som de krossfeste, Han har Gud gjort både til Herre og Messias» *(Ap.gj. 2, 36 – les gjerne heile tala)*

Kva skjer ? Orda stakk dei i hjarta, og dei vende om til Gud. Den dagen vart 3000 døypte i Jerusalem, og nye kyrkjelydar vart etablert.

Eg forstår ikkje Den heilage ande, men eg blir audmjuk når eg glimtvis ser kva han kan gjere.

**Sanningsanden**, som han også blir kalla, opplyser menneske om Guds skaparkraft og Jesu Kristi livsgjerning, «råds og styrkes Ånd,» seier salmediktaren Schmolck .. «trøst i sorgens daler».. *(NoS 227)*

Eg er overtydd om at Den heilage Ande spelar ei sentral rolle i Guds store kjærleiks plan, både kosmisk og i det kvardagslege og nære.



## MIN SALME

Med ynskje om ein god sommar til alle,  
med ei fin salme med god tekst!

Eg utfordrar Eldbjørg Bergsbakken  
til å velje salme i neste Kyrkjevarden.

*Astrid Tollehaug*



Astrid Tollehaug på fjelltur (Rundemellen) saman med husbond Ola Ingvar, barnebarna Eivind, Alvhild, Vilde, Othilde, Sondre og Viljar, og gjetarhunden Sting.

### Ein fin liten blome

Ein fin liten blome i skogen eg ser,  
i granskogen diger og dryg,  
og vent mellom mose og lyng han seg ter.  
Han står der så liten og blyg.

Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøynd  
der skuggane tyngja deg må?  
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløynd,  
til ringaste blom vil han sjå.

Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,  
der folk kunne skoda på deg?  
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,  
eg føddest til skogblome, eg.

Ein dag vil den stormande vinter deg nå,  
då vert det vel dødsdagen din.  
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,  
til vårsola kysser mitt kinn.

Eit bod frå min Herre du blome meg ber:  
om einsleg eg vert på min veg,  
så veit eg at Herren vil vera meg nær,  
Gud Fader, han vernar òg meg.

Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,  
med honom eg kjenner meg sæl.  
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,  
med bøna eg sovnar kvar kveld.

Ein kledding eg fekk av min Frelsarmann kjær,  
i blodet hans reinsa den er.  
Den høver for himlen, der gullgater er,  
den høver for vandrainga her.

Som blomen om vinteren visnar eg av,  
men gled meg, for då står eg brud.  
Lat lekamen kvila med fred i si grav,  
mi sjel, ho er heime hos Gud!

Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong  
i morgonen æveleg klår,  
og blanda med heilage englar min song  
i himlen, dit døden ei når!

# Møt Signe Wold på Blåflat



Kjem du frå Tonsåsen og køyrer venstrevegen ned, opnar Bruflat sentrum seg, og noko av det fyrste ein festar seg ved er dei kvite, erværdige og stilfulle bygningane på Bruflat gård. Der residerer Signe Wold, stolt eigar av eit vakkert tun, som med våningshus, stabbur, uthus og eit velleid uteareal framstår som eit skuleeksempel på dydane orden og flid. Ikkje til å undrast over at nett ho vart tildelt aller fyrste byggeskikkprisen i Etnedal, for estetikk er noko den oppegåande dama på snart 95 år er svært opptaken tå. Både på eigne vegne og for heile Bruflat sentrum, som ho vil skal framstå på ypparste måte, for bygda si skuld. Difor har ho óg stande klart fram og gjeve uttrykk for sine meiningar når ho ikkje var einig i ulike disponeringar av kommunal eller privat art. Dei som har innsikt i slike saker, veit å fortelje at eigaren på Bruflat har sett seg i respekt ved mange høve.

## Vitne til stor utvikling

Så har ho då også fylgt utviklinga lenger enn dei fleste. Det har skjedd mykje på Bruflat sidan Signe såg dagens lys 2. november 1920. Kyrkja låg åleine

ute på flata då ho var ung, og vestvendt i hellinga ovafor såg dei opp på prestegarden, som var relativt ny den gongen ( bygd i 1903 ) og hovedvegen gjekk over jordet og mellom husa på Bruflat. Alle dei andre husa har ho fylgt byggeprosessane på. På Kirkevoll vart det etterkvart posthus og butikk, andre butikken i området. Syster hennar Signe Birgit var postopnar og butikkssjef. Den fyrste butikken på Bruflat hadde J. Corneliussen, som åtte Bruflat før besteforeldra til Signe kjøpte garden rundt århundreskiftet. Dei bygde pensjonat på Bruflat.

Signe gjekk i sin ungdom kurs i barnepleie, og ho var også i fleire år i teneste i private heimar i hovedstaden, men størstedelen av sitt liv har ho hatt heime på Bruflat, som ho overtok i 1958.

Ein anseeleg alder har ho oppnådd, men Signe kan betru oss at sjølv om dei fleste på hennar eigen alder er borte, kjenner ho seg lite einsam, sjølv om ho er mykje åleine. Signe er takksam for at ho har nokon frå nære slekta i nærleiken, elles er oppskrifta rimeleg klar : Ein må ikkje synest synd på seg sjølv og



ikkje forvente for mykje av andre, men hovedgrunnen seier ho, har med fellesskapet med Gud å gjere. Kristentrua har Signe bore med seg all si tid, og reint praktisk fører ho lange samtaler med Gud. Mange menneske og saker inkluderar ho i denne kommunikasjonen, som også inneheld adskillige sukk for situasjonen ute i ei uroleg verd. Med Gud kan du tala om alt, seier Signe – som legg til ; der er det fri adgang heile døgnet.

Signe fylgjer med i alt som skjer, i aviser, radio og TV. Det er veldig viktig å fylgje med, meiner ho, slik blir ein ikkje utanom livet, og det er minst like viktig å treine hjerna, som resten av kroppen. Dagleg har ho sine gymnastiske øvingar, før ho inntek gode doser med lesestoff. Dessutan ruslar ho med litt i huset, og det er heilt greit når ein kan kvile seg når ein vil, seier ho.

### Trufast kyrkjegjengar

Signe har alltid hatt eit nært forhold til kyrkja, og ho har i alle år vore ein trufast kyrkjegjengar, sjølv om hørselstap den seinare tida har take frå henne noko av gleda ved å gå til kyrkje. Ho har ei open haldning til nye ting, til dømes nye salmetekstar. Der andre klagar over at salmene ikkje er til å kjenne att, kan Signe Wold seie ; er det ikkje flott å sjå så viktige saker frå nye vinklar ? Noko ho ikkje likar med «den nye tid» er travelheita. Folk får ikkje rydda nok tid til å tenkje på alvorlege ting, meiner Signe. Framfor alt må foreldre ta seg god tid til å tale med unga sine, slik at dei kan lære kva som er rett og gale og lære seg at kvar einskilt har eit sjølvstendig ansvar for å bygge eit samfunn. Familien er sjølv grunnstamma, seier Signe, som også er opptaken tå nøysomhet og omtanke for naturen. Det er viktig å ha orden på økonomien og det ein eig, og så er ho klar på at den kristne bodskapen er det viktigaste i livet.

### Hjartesak

Hjartesaka hennar framfor nokon er kristen misjon, og gjennom eit langt liv har ho vore aktiv i Det norske Misjonsselskap. Bestemor hennar Berthe Solberg , fødd Wold (i Bagn) var med å starta den fyrste NMS – foreninga i Etnedal. Misjonsrommet har imidlertid opna seg meir for Signe, så i ei årrekke har ho hatt fokus både på bibelmisjon, Misjon i Øst og andre greiner inna misjonsverksemda. Det er så viktig at menneske får tilgang til ein bibel, seier Signe, som også har vore særleg opptaken av kristenforfylgjing

i lukka regimer både i aust og sør. Ulike former for misjonsarbeid har fått støtte frå den engasjerte kvinna, som ved kjøkkenbordet heime på Bruflat fortel med stor glød om hendingar, situasjonar og einskiltmenneske ho har lese om.

Signe er enno med i styret for Bruflat menighetshus, der ho ofte bidreg med friske innspel. Det er heller ikkje så lenge sidan ho var på helselagsmøte, og sjølv om det ikkje er så ofte som før, blir ho rett som det er observert med rullator og sin karakteristiske caps i sentrumbiletet.

*Marit prest*



# BIBEL- KVISS



1. I Noreg er det berre eitt oblat-bakeri for nat-  
tverdsbrød, kva heiter det?
2. Kva er syftesok?
3. Korleis lyer den fyrste setningen i Bibelen?
4. Kva heitte staden der Gud planta ein hage?
5. Kva heitte dei to fyrste sønene til Adam og  
Eva?
6. Kva straff fekk Daniel då han nekta å tilbe  
kong Dareios i Babylon?
7. Kva var dei siste tre orda Jesus sa på korset,  
skrive i Johannes-evangeliet?
8. Kven vart den fyrste kvinnelege biskopen i  
ei luthersk kyrkje i Norden?
9. Kva år skjedde det?
10. Kven var den fyrste helgenen i Norden?

- SVAR:
1. Diakonissehusets oblatbakeri.
  2. Onsdagen som innleier fastetida.
  3. I begynnelsen skapte Gud himmelen og jor-  
da.
  4. Eden.
  5. Kain og Abel
  6. Han vart kasta i løvehola.
  7. Det er fullbrakt.
  8. Rosemarie Køhn.
  9. 1993.
  10. St. Sunniva.

# Hjørna hass Jan:

Kanskje Jan kjenner at han tek til å «dra på åro», for han har ein i det siste kome med ein del historier om eldre folk, som denne han kom på her om dagen.



Ei eldre dame på fleire og nitti år var utruleg sprek for alderen, og klarde seg godt heime.

Ein dag kom det folk frå helseetaten i kommunen og ville snakke med henne om heimehjelp. Dei forklare grundig kva ei heimehjelp kunne gjera med vask og stell, noko den eldre dama lytta interessert til ei lang stund.

Til slutt hadde ho høyrte nok til å gje eit god nok svar.

- Dersom det er berre ein dag i veka, og ikkje lenger vekk enn at eg kan sykle, får eg vel ta på meg å vera heimehjelp for nokon som treng det då!

Fredags-kviss i matpausa er ein tradisjon på kyrkjekontoret, med børs og katedral som fast innslag (økonomiavdelinga og kyrkjekontoret).

Det er spørsmåla i avisa Valdres som er tradisjonelt i bruk for å skjerpe hukommelsen. Sidan fredagsavisa ikkje kjem ut lenger, blir det ei veke gamle spørsmål frå laurdagsavisa, som då kan puggast i løpet av veka. Det kan bli sagt i vennskapeleg mobbing mot dei som har svar på det meste.

Då er motsvar ikkje uvanleg.

Ein gong det kom ei oppmoding frå nærste enden av bordet: - Kan ikkje de borti hjørnet der vente med å svara til vi andre får tenkt oss om òg? Sidan Jan kan dei fleste svara, sjølv på intrikate spørsmål, kika han på klokka og svara: - Ja, men eg har noko arbeid som ventar, og må vera heime att til klokka 16!

## KOR VART DET TÅ DEI

### En hilsen fra Sørlandet

I juni 1981 forlot vi Etnedal etter fem innholdsrike år. Etnedal har aldri forlatt oss. Vi glemmer ikke huset på Knatten, Etnedal sentralskule med elever og kolleger og Bruflat blandakor. Etnedal naturvernlag som faktisk fikk til varig vern av Etna var en sterk opplevelse for naturvenner. Vi holder også fast på minnene om bærturer, sopp-turer, fantastiske skiturer, gnistrende kulde og stekende varme. Da vi flyttet til Arendal, var vi en familie på fire. Vi ble etterhvert fem, nå er vi også besteforeldre til ikke mindre enn åtte mellom 2 og 16 år! Det er fantastisk!

Ellers koser vi oss med båtliv om sommeren. Vi er jo egentlig kystfolk! Vi tøffer rundt i behagelig tempo, gjerne med et fiskesnøre på slep. Heldigvis har vi fått beholde skigleden. Nå er det heiene i Fyresdal i Telemark som er terrenget vi bruker mest. Der har vi kjøpt oss hytte. De første årene etter vi flyttet, kom et fotballag fra Etnedal for å sparke fotball mot Grimstad ungdomsskole. Det var moro å holde kontakten på den måten. Vi har vært mange turer tilbake til Etnedal. De siste gangene på sommertid. Vi treffer alltid noen gamle kjente. Den siste gangen fikk vi med oss Etnedalsdagene på museet på Fagernes. Svein fortsatte lærerjobben i Grimstad. Han har jobbet på samme skole siden. De siste årene har han vært rektor. Turid arbeider i Arendal kommune med ansvar for parkeringsordningen. Svein er "venn" med de første Etnedal-selevene sine på Facebook. Nå er de over 50 år.

Familien er det aller viktigste for oss. I påsken tok vi med oss hele storfamilien på 15 til Eurodisney og Paris. Det ble en uforglemmelig opplevelse!

*Hilsen fra Turid og Svein Pedersen*



*Turid og Svein Pedersen ved Eiffeltårnet i Paris*

## ØNSKEDIKTET

Randi Selfors Nielsen er fra Vefsn, på Helgeland-skysten. I dag bor hun på Frosta, i Nord-Trøndelag. I likhet med meg, tok hun utdanning på Nesna, på lærerskolen.

Jeg leser ikke mye dikt, men jeg liker veldig godt temaene hun skriver om, og måten hun skriver på. Hun skriver på en lettfattelig måte om det hverdagslige og aktuelle. Jeg fikk diktsamlinga hennes "Fragment,- i lys og skygge" i julegave av foreldrene mine, og har brukt diktene hennes i mange anledninger. Kan anbefales!

Dette diktet stod i Trønder-Avisa for mange år sida;

### "Din kjærlige plikt"

Lær ditt barn å være seg selv,  
og å tåle motgang så vel som som hell.

Lær ditt barn det å tenke fritt,  
og å vite forskjellen på ditt og mitt.

Lær ditt barn å være god,  
rettferdig, raus og ærlig og tro.

Da vil du se at din kjærlige plikt,  
vil bære frukter nå, - og på sikt.

Jeg ønsker alle en god, varm og innholdsrik sommer, og utfordrer en god venn og medmusikant Knut Nysveen, til å komme med sitt ønskedikt.

*Lise Rehaug*



# Fasteaksjon for rettferd i verda

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp i Etnedal fekk i år inn 20 111 kroner. Konfirmantane gjekk med bøsser, og på solidaritetskvelden på Bruflat menighetshus kom det også inn ein del.

## Reint vatn

Tema for solidaritetskvelden var «Rettferd i verda». Regionskonsulent i Kirkens Nødhjelp for Hedmark og Oppland, Kristin Tepstad Eide, viste film og snakka om kor viktig og farleg vatn er. Menneska treng reint vatn, men stig vatnet og øydelegg for busetnad og matdyrking, er det like livstrugande. Problema med jordbruk med flaum og turkeperiodar vart synleggjort med hjelp av dramatisering av konfirmantane.

Kristin Tepstad Eide takka for at det alltid er gode innsamlingsresultat i Etnedal. Ho set også pris på årleg invitasjon til fasteaksjonsfesten på Bruflat.

Loddsal og servering høyrde også med på avslutninga av årets fasteaksjon i Etnedal.

Ingun Kompen

Flinke konfirmantar: Tutta Solberg (til venstre) tok saman med Toril Grønbrekk imot konfirmantane i Etnedal med bøssene til årets fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp. Frå venstre Jostein Bråten Saglien, Øystein Erlingson Rehaug, Synne Solbrekken, Heidi Bergene og Oda Solbrekken.



# Kyrkjelydsfest i Etnedal

Fullt Bruflat Menighetshus, innhaldsrik årsmelding, aktive konfirantar, frisk Sør-Aurdals-prest og god bevertning; alt var med og laga ein fin kyrkjelydsfest i Etnedal 6. mars.

## Årsmelding

Sokneprest Marit Slettum las årsmeldinga som omfatta noko statistikk, mange aktivitetar som trusopplæring, ulike samlingar for barn og unge, salmekveldar, samarbeid med lag og organisasjonar, diakoni og konfirmanarbeid.

I fjor var konfirmantane for fyrste gong med på Hekta-leir på Lillehammer, så populært at det nok blir tradisjon.

## Preste-besøk

Sokneprest i Sør-Aurdal, Mari Mikkelsen Western på 27 år, fortalde om sin veg fram til presteteneste i Valdres. Ho vaks opp i Vestre Gran, og familien var ikkje kyrkjegjengerar.

- Vi gjekk nok i kyrkja berre når vi måtte, sa ho. Ho var ein vanleg tenåring, med framtidsplan å bli proff fotballspelar! Sjølv om ho ikkje var særleg engasjert som konfirmant, visste ho at ho alltid hadde bedt til Gud når noko var vanskeleg.

## Kjedelege prestar

- Prest skulle eg absolutt ikkje bli, det var det kjedelagaste og visste, sa Mari.

Tanken var å bli lærar, men så kom ho ikkje inn på lærarstudiet. Ei god veninne rådde henne til å søkje på MF (Menighetsfakultetet), for årsstudiet der kunne vera nyttig

- Året der vart til fleire, for andre året fekk eg eit slags kall, sjølv så rart det kunne vera. Det var tre ting eg på ingen måte likte; språk, å stå framfor ei forsamling og

skrive norsk stil! I studiet måtte eg lære både gresk og hebraisk, måtte levere oppgåver - og som prest stå framfor folk. Då eg etter kvart skjønte at eg utdanna meg til å bli prest, lurde eg på korleis i alle verda dette skulle gå!

## Ordinert i 2014

Sist sommar vart Mari ordinert til prest etter seks års studium over sju år, ei lita jente som no er tre år ordna det slik.

Mari snakka nok særleg til konfirmantane då ho konkluderte. Ho hadde aldri tenkt seg utdanning og yrkesliv som førde til interessante studiar og presteyrket. Sjølv om ho stritta imot, vart vegen fram til presteyrket lagt.

- Eg trivest utruleg godt i Valdres, og eg synest det er viktig å vera ein folkeleg prest. Gud har bruk for kvar og ein av oss, avslutta ho.

## Statistikk

Bruflat kyrkje hadde 46 gudstenester i løpet av året, seks vart døypte, det var tre vigslar og 14 gravferder. I Nord-Etnedal var det 18 gudstenester, to vigslar, seks gravferder og ein dåp..

Heile sju konsertar har det vore i kyrkjene i Etnedal i 2014. Kyrkjebladet Kyrkjevarden kom ut med fire fargerike nummer som sokneprest Marit jobbar mest med. Bruflat kyrkje var sommaropen fire veker med friviljuge omvisarar. Folk er flinke til å stille opp med dugnadsinnsats når det trengst, særleg om våren med opprydding og vask.

Det var ingen kommentarar til rekneskapane. Bruflat sokn har snaut 60 000 kr på bok, Nord-Etnedal sokn snaut 10 000 kr, og avdelinga Nordre Leninga med sal av hyttetomter har 8 329 295 kr.

*Ingun Kompen*



## Tre aktive damer

Inger Olaug Tollehaug og Maria Kompen var sentrale saman med Mari Mikkelsen Western (i midten) på kyrkjelydsfesten i Etnedal.

# Krigsminnedag i Etnedal

Fredag 8. mai vart det fortald og lytta omkring krigsstart, krig og fredsdagar i 1945. Etnedal Historielag og kulturkontoret stod for arrangementet der 85 lytta og mange fortalde.

## Bruflat-minne

Rolf Tidemandsen starta med eigne minne og opplevingar frå Bruflat i 1940. Tyskerane hadde feira sigeren på telefonsentralen på Bruflat, der Rolf og familien budde. Då dei kom heim att etter å ha rømt frå skytinga, fann dei mykje brukt dekketøy som ikkje var vaska opp!


## Møteplass på kyrkjegarden

Ungdommane på Bruflat hadde berre ein møteplass under krigen, kyrkjegarden. Det var der dei møtte jamaldringar, og ærendet skulle vera at dei vatna planter!

- Det var to ting vi lærde under krigen: Å halde saman og halde kjeft, sa Rolf.

## Mini-radio

Rolf hadde ei utstilling med mellom anna rasjoneringskort og den hemmelege radioen som hadde vasstett emballasje, og var mindre enn ein margarinladd.



**Miniradio med meir:** Rolf Tidemandsen hadde både innlegg og utstilling om mykje frå krigstida i Etnedal.

## Tilbaketrekking

Ole Bergene hadde snakka med sin onkel Ola Strande om kva han hadde opplevd som mitraljøseskyyttar. Han var i kampar på Hadeland, karane kom seinare til Øystre Slidre, der dei måtte overgje seg og gå heim att.

## Leppedalen

Ivar Øverlier kunne fortelja frå Stutlien og Baggerudsætra i Leppedalen, der det var flyslepp og russerar som gøymde seg. Eit tjørebrenneri vart starta der under krigen.

## Mat for mange

Halvard Skrinrud mintest at dei kunne høyre nedslaga av bomber ved Høljarasta heilt nord i Steinsetbygda. Faren hadde slakta ein kalv, til nødvendig mat for 23 personar, kokt i ei stor 50-liters gryte i bryggerhuset. Kalde og svoltne unge menn fekk turka kleda sine og overnatte i andre etasje av huset.

## Frigjeringa

Leif Bergene hugsa frigjeringa som femåring, då flagget kom opp. Blending var viktig under krigen, ikkje ei lysstrime skulle visast. Difor var det så fantastisk då alle kunne sleppe vårlyset inn i husa etter freden.

## Breiesleiren

Ola Breien målbar noko syskenbarnet hans, Olav Breien hugsa. Han hadde lastebil som gjekk på knott, og hadde dagleg turar forbi der tyskerane var på Os. Etter kvart berre vinka dei han forbi, han som skaffa mjølk og annan mat til karane i Breiesleiren! Mjølka vart sett i eit spann ved ei sag, der uvitande hadde stemnemøte... Folk i leiren sette opp barneski og laga spretthopp, så uvedkomande skulle tru det var ungar som leika seg i bakkane.



**Fangedrakt:** Ingvald Hagaseth stilte ut fangedrakta bestefaren med same namn hadde på Grini.



Tidemannen fortalde levande frå krigstida

### Høljarasta

Oddvar Hopland hadde eit innlegg med minne frå faren Ole Andreas Hopland, som saman med mange frå Vestlandet var med på kampane i Valdres.

Han takka historielaget og kommunen for at det er teke vare på området ved Høljarastbrua, også med fleire nye planer for området.

### Utstillingar

Kaare Nyhagen fortalde og stilte ut mange bilete. Anders Espeseth minte om kor viktig fred er. Utstilte bilete og klede vart studert, ikkje minst fangedrakta til Ingvald Hagaseth, som barnebarne med same namn hadde med.

Gabi Becker leidde programmet, fleire hadde ordet, og praten gjekk livleg då god suppe og kafemat vart servert.

### Høljarasten

Syver Thon avslutta programmet på Bruflat med å lesa diktet av Knut Hauge, om soldaten som fall ved Høljarast bru. Vel 50 møtte også opp der til kransenedlegging av ordførar Toril Grønbrekk, for å minnast dei som gjorde ein stor innsats der 23. april 1940.

*Ingun Kompen*



**Kransenedlegging:** Ordførar Toril Grønbrekk la ned krans til minne om dei som deltok i kampane ved Høljarasten i 1940. Oddvar Hopland sa også litt om det far hans hadde opplevd der.





# Diakonens hjørne



Det er et stykke å gå til postkassa vår og det er veldig bra. Tenk å få hente posten og på veien hjem kunne sette seg i veikanten på en stubbe og lese avisa til lyden av fuglesang – og etterpå plukke en hvitveisbukett før jeg er hjemme. Det fikk meg til å tenke på diktet til Hans Børli «Gudstjeneste»

**Jeg sitter her i en kirke  
av skogduft og dogg en dag.  
Linnea ringer til messe  
med lydløse klokkeslag.  
Og presten har intet ansikt  
og prekenen har ingen ord.  
Det hellige sakramente  
er angen av vårlig jord.  
En løvsanger kvitrer ved redet,  
en bille bestiger et strå.  
Og dypt i den signede stillhet  
hører jeg livshjertet slå.  
Det finnes en tillit i verden,  
et lys over store og små**

Det nærmer seg sommer og det er en god tid med mye lys, håp og varme- fuglekvisper og bekebrus. Våren kan også være en sårbar tid med savn, tunge tanker og motløshet. Slik er livet med mørke og lys om hverandre- og gode og vonde dager som veksler i livet vårt. Hadde det ikke vært for de mørke dagene så kunne vi ikke glede oss over de lyse og hadde vi ikke hatt en mørk og kald vinter så hadde det ikke vært så fantastisk med vår og varme. Jeg prøver å samle på gode øyeblikk og streif av lys for å få mot og krefter til det dagen krever. En dag fant jeg en lapp med denne sangteksten (tror den er fra frelsesarmeens sangbok) og det ga meg det jeg trengte da.

**Herre, jeg kommer til deg i bønn, kommer med all min bagasje, tanker og følelser, glede**

**og sorg, ærlig og uten staffasje. Du tar imot meg det stoler jeg på. Breddfull av kjærighet ser du meg nå, la meg få hvile hos deg.**

**Herre, jeg kommer til deg i bønn, hverdagens krav følger med meg. La meg få kjenne at byrden blir lettere når jeg få se deg. Jeg har nok ofte en vaklende tro. Fyll du mitt indre med tillit og ro, la meg få hvile hos deg.**

**Herre, jeg kommer til deg i bønn, nevner ved navn slekt og venner. Glad for at alle er kjente for deg, tegnet i dine to hender. Gå med din kjærighet dit hvor de er, sett vakt omkring dem med din englehær. La dem få hvile hos deg.**

Jeg ønsker dere alle en god vår med mye lys og varme og godt mot. Husk at livet består av øyeblikk- nyt dem og dagen i dag! Husk også på de mennesker du møter i din vei- et smil og en liten prat kan forandre dagen til dere begge. I mitt arbeid møter jeg en del mennesker som er ensomme og motløse, men ofte skal det ikke mye til for å gjøre dagen bedre. Vi må stoppe litt opp og se hverandre.

Vi startet kvinnekaffe for noen måneder siden og det har vært et fint sted for å bli kjent med nye mennesker, og mange trivelige kvelder har det blitt. Takk til dere frivillige som har gjort dette mulig.

«Min tro handler ikke om å skjønne seg på Gud. Troen min handler om å være elsket, og å være kallet til å være i denne kjærigheten.» Paul Erik Wirgenes

*Hilsen Marianne diakon*

# Velkommen til Acta-leir på Skogstad leirsted!

## Hva er leir?

- Å være sammen med jevnaldrende døgnet rundt
- Å gjøre det meste sammen: Spise sammen, sove sammen, leke sammen, synge sammen, lære sammen, bråke sammen, være stille sammen...
- Mulighet til å bli kjent med nye mennesker, deg selv og Jesus
- En smak av det kristne fellesskapet, der du får lov til å være deg selv, men kan utfordres til å teste egne grenser, i et trygt miljø
- Trosopplæring i praksis!

## Hva er Acta?

Acta – barn og unge i Normisjon er en av Norges største kristne barne- og ungdomsorganisasjoner. Vår visjon er «Grensesprengende fellesskap der barn og unge møter, følger og ærer Jesus Kristus», og vi bygger alt vi gjør på våre verdier, som er «elsket og sendt». I Oppland har Acta leir på leirstedene Skogstad på Eina og Kirketeigen i Gudbrandsdalen. Vi har for tiden 16 lokallag for barn og unge i Oppland.

## Når er det leir på Skogstad?

19. – 21. juni: Actionleir (samarbeid med trosopplæringa i Vestre Toten).  
Alder: 4. – 6. klasse. Pris: Kr. 675,-

31. okt. – 1. nov.: Familieleir.  
Pris: Kr. 300,- for 4 – 12 år, kr. 350,- for 13 – 17 år, kr. 500,- for voksne.


4. – 6. des.: Tweensleir. Alder: 5. – 7. klasse.  
Pris: Kr. 650,-

*Alle prisene er inkl. medlemskap i leirklubben.*

## Hvordan melder man seg på leir på Skogstad?

Påmelding og betaling skjer via internett. Gå inn på [www.acta.as/oppland/leir](http://www.acta.as/oppland/leir). Der velger du først den aktuelle leiren, og så trykker du på «påmelding leir». Du kan også gå inn på [www.checkin.no](http://www.checkin.no) og søke opp leirens navn. Dersom du melder på andre enn deg selv, må du trykke på «Jeg skal ikke delta selv, men melde på andre». Første gang du melder noen på leir, må du som foresatt opprette en bruker. Ved neste leirpåmelding kan du logge deg på ved å bruke epost og passord.

Ta kontakt med Acta Oppland dersom du trenger hjelp til å melde deg på! Kontakt Solveig Gjesdal, 99260678 (09.00 – 16.00), [sg@normisjon.no](mailto:sg@normisjon.no), eller regionkontoret 61130340 (mandag – torsdag kl. 09.00 – 15.00)



- Minst og best -

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no)

## Sommersymfonikonsert i Bruflat Kyrkje 23. juni kl. 21.00

Valdres Sommersymfoni og kulturkontoret i Etnedal ynskjer velkommen til årets konsert «Nye opplevselser» i Bruflat Kyrkje sankthanskvelden kl. 21.00. Me får gleda av å høyre

**Victoria Johnson**, elektrisk fiolin

**Karol Cielsuk**, kontrabass

**Brenda Blewitt**, klaver

**Changbo Wang**, bariton

**Brenda Blewitt**, klaver

**Ragnhild Hemsing**, hardingfele

**Vertavo**, strykerkvartett

Dei vil framføre stykkjer av **Øyvind Brandtsegg**, **Alfred Desenclos**, **Benjamin Britten** og **Johan Kvandal**. Me ser fram til å møte Valdres' eigen stjerne, **Ragnhild Hemsing**, også i år.

Samstundes blir det spanande å få nye musikalske opplevingar med dei andre musikarane.

Billettar kjøpast på servicetorget eller i døra.

Velkomne!



## Etnedalshelg på museet

Tradisjonen med Etnedalshelg over tre dagar på Valdres Folkemuseum har vi så langt ikkje folk til å gjennomføre i år. Dersom det ikkje melder seg interesserte til å vera med å laga liv i begge husa frå Etnedal, er planen å avgrense det til søndag 5. juli.

Den dagen har Marit prest gudstenesta på museet, og alle som kan bidra med noko er velkomne med program av ulike slag. Handverk, musikk, sang og dans er ynskjeleg, og mat må også til. Gabi på kulturkontoret tek imot alle gode idear og folk som kan og vil hjelpe til at tradisjonen ikkje blir heilt borte.

## Skal vi ta ein dugnad for ein vakker Etnedal?

Det har vore mange negative nyheiter frå Etnedal den siste tida. Det kan vere lett å miste motet når ein ser tomme hus og mørke glas rundt seg, og når ein så blar opp avisa og les om enda fleire arbeidsplassar som er trua av nedlegging.

«Grevlingen er liten men robust», sa ein kjent Etnedøl på folkemøtet om framtidig kommunestruktur, «og slik er jammen etnedølen med!» For vi har vel ikkje tenkt å gi opp? Vi er heldigvis mange som trivst her og som er villige til å gjere ein innsats for ei god framtid i denne vesle, vakre bygda vår. Og vi er mange som trur at Etnedal har kvalitetar som gjer at det er nettopp her mange vel å ha bustad eller hytte. Og dersom vi viser oss frå vår beste side, kan det kanskje bli enda fleire som vel nettopp Etnedal?

På forrige kommunestyremøte vart det reist spørsmål om kva kommunen kan gjere med skjemmande bygningar og andre ting som ikkje er nokon pryd for bygda vår. Svaret på spørsmålet er i korte trekk at kommunen kan kreve fjerning av det som er til fare for dyr og menneske, men kommunen kan ikkje kreve at noko blir rydda bort og fjerna fordi det er skjemmande.

Etnedal er ei vakker bygd. Skal vi gjere ein innsats i år for å vise henne fram frå si beste side? Kanskje vi skal ta nokre turar til miljøstasjonen for å levere noko brask? (Du veit sikkert at det



er gratis?) Kanskje vi skal legge på det strøket med maling som vi har tenkt på ei stund? Kanskje nokon til og med har moglegheit til å hogge ei buske eller fleir for å få synt fram ei skjult naturperle?

Viss alle gjer litt, kan det til saman bli eit stort løft!

*Siri Sjøvik,  
ass. Rådmann*

## Etnedalsdagane 2015 - AVLYST!

Ordførar Toril Grønbrekk er leiar i komitéen for Etnedalsdagane. Ho orienterar om at dei har bestemt at det i 2015 ikkje vert arrangert Etnedalsdagar, fordi ingen har søkt om å vere arrangør. Komiteen ynskjer sterkt at arrangementet fortset, men at det skal arbeidast med ei vidareutvikling. Det skal opprettast ein utviklingsskomité, som blant anna skal sjå på tidspunkt for dagane, inngangspris og utstilling. Kulturrådet og idrettsrådet veljer medlemar i utviklingsskomitéen.

# Irsk konsert ved Etna Mølle søndag 12.juli



Møllelaget vil, i samarbeid med Det Nordatlantiske Kulturfellesskap arrangere konsert + «session» med irske Andrea Rice og hennes musikere ved Etna Mølle.

Andrea er en svært allsidig artist som behersker de fleste kategorier irsk musikk, og har derfor deltatt i både seriøse program og mer ”løsslupne” arrangement, på mange forskjellige kulturfestivaler og andre kulturrelaterte arrangement, samt et stort antall konserter i mindre sammenhenger de 15 årene hun har turnert i rundt om i Sør Norge.

Mer informasjon kommer senere, både på plakater og på facebook!

**Inngang kr. 250.**

**Velkomne til en uforglemmelig konsert ved Etna Mølle, klokka 19.00 søndag 12. juli!**

Sounds of Ireland

*Andrea  
Rice*

*m/band*

No 1

Folk and Ballad

Andrea Rice er en av Irland's beste  
og mest etterspurte live artist.

☺ Andrea Rice m/band, en fenomenal trio, en av  
mine beste konsertopplevelser noen gang.  
"Oppland Arbeiderblad"



# VALG

## Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2015

### Valgdager:

Valgdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2015 er fastsatt til mandag 14. september 2015. Etnedal kommunestyre har vedtatt at det i Etnedal også skal være valgdag søndag 13. september.

Det er en stemmekrets i Etnedal og stemmegivning på valgdagene foregår i Etnedalshallen.

Valgdagen er offisiell flaggdag. Det er lov å flagge også søndag 13. september.

### Åpningstider:

Søndag kl.13.00 – kl.18.00

Mandag kl.11.00 – kl.18.00

### Valgsteder:

Valgstyret har godkjent følgende valgsteder til kommunestyrevalget:

#### Arbeiderpartiet

#### Høyre

#### Kristelig Folkeparti

#### Senterpartiet

#### Venstre

Valglistene er utlagt på kommunes hjemmeside, [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og på servicekontoret

### Valgkort:

Alle velgere får tilsendt valgkort. Du trenger ikke valgkortet for å stemme, men det går raskere for deg å stemme dersom du tar det med.

### Ordinær forhåndsstemmegivning:

Den 10. august starter den ordinære forhåndsstemmegivningen. Du kan forhåndsstemme fram til og med 11. september.

Du kan ikke stemme på nytt på valgdagen hvis du har forhåndsstemt. Du kan heller ikke forhåndsstemme flere ganger.

Forhåndsstemmingen foregår på servicekontoret i tidsrommet fra kl.08.00 – kl.15.30. I tillegg holdes det åpent lørdag 5. september i tidsrommet fra kl.10.00 – kl.13.00.

### Ta med valgkort og legitimasjon!

Det avholdes forhåndsstemmegivning på Etnedalsheimen tirsdag 8. september fra kl.11.00 – 13.00. Syke og uføre kan avgi forhåndsstemme der de oppholder seg.

### Søknad om ambulerende stemming sendes:

Etnedal valgstyre, Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal  
Fristen for å søke er tirsdag 8. september kl.11.00.

### Tidligstemmegivning:

Du kan stemme fra 1. juli 2015 dersom du ikke har mulighet til å stemme innenfor den ordinære perioden for forhåndsstemmegivning, og heller ikke på valgdagen. I perioden 1. juli til og med 9. august må du da henvende deg til kommunen og avtale tid for å stemme. Du trenger ikke valgkort, men ta med legitimasjon.

### Utlegging av manntall:

Manntallet legges ut til offentlig etter-syn så snart det lar seg gjøre, etter 30. juni og til og med valgdagen den 14. september. Manntallet blir lagt ut på Joker Etnedal, Matkroken, Bruflat og på Hydro Texaco, Bruflat.

Det vil i tillegg til enhver tid ligge et ajourført manntall på servicekontoret.

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE



### Bruflat kyrkje

Vetle Nipseth Kleven  
Maren Espeseth

1. mai  
10. mai

### Nord-Etnedal kyrkje

Vilde Vestheim Skogstad

2. påskedag, 6. april

## VIGDE



### Nord-Etnedal

Mette Månum og Ola Herman Nerli

30. mai

## DØDE



### Bruflat kyrkje

Ole E. Lunde  
Einar Knutsen

Jordfest  
8. april  
10. april

### Nord-Etnedal kyrkje

Magnhild Lundmoen

21. april

## Konfirmantar i Bruflat 2015

Heidi Elisabeth Bergene

Jostein Saglien Bråten

Simen Lyckander Espelien

Håkon Gunbjørnsen

Guro Haugen

Jens Johannes Kolstad

Thea Isabel Konstad

Linn Therese Konstad

Oda Solbrekken

Synne Solbrekken

Ole Kristian Sveen

Håvard Ødegård

## Konfirmantar i Nord – Etnedal kyrkje 14. juni 2015

Marius Gjeile Fauske

Vegard Hagaseth Lie

Alexander Lundstein

Øystein Erlingson Rehaug

## Dåpshøgtid

Maren Espeseth vart døpt  
av Marit prest i  
Bruflat kyrkje 10. mai

Foreldre er Gunn Smedrud og  
Knut Espeseth, storesyster er Mia  
og fadrane Anders Espeseth  
og Heidi Smedsrud.



**Søndag 5. juli – Aposteldagen***Prekentekest : Matt. 16, 13-20*

Kl. 11.00 Valdres folkemuseum, i samband med Etnedalshelg.  
Takkoffer til Pilegrimsvegen i Valdres

**Søndag 12. juli – 7. søndag i treenighetstiden***Prekentekest : Luk. 19, 1-10*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Dåpsgudsteneste  
Kl. 16.00 Solbjør, hos Tutta Solberg.  
Grendegudsteneste.  
Takkoffer til Bjørktun

**Søndag 19. juli – inga gudsteneste****Søndag 26. juli – 9. søndag i treenighetstiden***Prekentekest : Joh. 8, 2-11*

Kl. 11.00 Kyrkjlesletta, Dalen.

**Søndag 2. august – inga gudsteneste****Søndag 9. august – 11. søndag i treenighetstiden***Prekentekest : Mark. 2, 23-28*

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje.  
Kveldsmesse med nattverd  
Takkoffer til Laget (Norges kristne student-og skoleungdomslag)

**Søndag 16. august – 12. søndag i treenighets-tiden***Prekentekest : Luk. 8, 1-3*

Kl. 12.00 Sæterhuset, Lenningen  
«1. klasses gudsteneste»  
med utdeling av kyrkjebok  
til 6-åringar  
Takkoffer til IKO.

**Søndag 23. august - 13. søndag i treenighets-tiden***Prekentekest : Luk. 12, 41-48*

Kl. 13 N. Tangen. Stølsmesse hos Turid og Roger Byfuglien på N. Tangen  
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

**Søndag 30. august –****14. søndag i treenighetstiden/Vingårdssøndagen***Prekentekest : 1. Kor. 3, 4-11*

Kl. 11 Bruflat kyrkje.  
Gudsteneste med nattverd.  
50 års-konfirmantjubileum.  
Takkoffer til Norsk Lærerakademi

**Søndag 6. september –****Inga gudsteneste i Etnedal.**

Felles gudsteneste for heile Valdres i Tingnes kirke kl. 11

**Laurdag 12. september**

kl. 12.00 Kyrkjlesletta, Dalen.  
Kyrkjevandring for nye konfirmantar og andre

**Søndag 13. september –****16. søndag i treenighetstiden***Prekentekest : Matt. 5, 10-12*

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Misjonsgudsteneste.  
Nattverd  
Regionleder Ann Helen Aaslund frå Normisjon deltek.  
Takkoffer til Normisjon.  
Kyrkjekaffe på Menighetshuset

**Søndag 20. september –****17. søndag i treenighetstiden***Preiketekest : Luk. 7, 11-17*

Kl. 11.00 N. Etnedal kyrkje.  
Nattverd.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

**Søndag 27. september – 18. søndag i treenighetstiden***Prekentekest : Matt. 8, 5-13*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Familiegudsteneste  
Utdeling av kyrkjebok til 4 – åringar.  
Takkoffer til Eldorado

*Med atterhald om evt. endringar.**Gudstenestene blir kunngjort kvar torsdag i avisa «Valdres»*

**Stemne på Fleten seter hos Solfrid og Sigurd Skogstad søndag 19. juli kl. 12. Egil Grandhagen talar.**

